

ARNE MAGNUSSEN
ØYFJELLVEGEN 2692
3864 RAULAND

Dato: 27.10.2025
Vår referanse: 2025/8001-5
Sakshandsamar: Turid Opsund

153/13 - Løyve til Oppretting av matrikkelenhet - arealoverføring

Gbnr: 153/13
Tiltakshavar: Arne Magnussen
Type tiltak: Oppretting av ny matrikkeleining
Plantype: Saka er handsama i samsvar med gjeldande kommunedelplan
Namn på plan – planid: Kommunedelplan for Rauland


Delegert vedtak: 52/25

Vedtak

Søknad om å skilje frå omlag 600 kvadrat frå eigedom 153/13 vert godkjent i tråd med plan og bygningslova § 20-1, bokstav m. Det vert sett som vilkår at arealet vert lagt til eigedom 153/148.

Bakgrunn

Grunneigar på 153/13 søker om å skilje frå omlag 600 kvadrat frå sin eigedom, arealet skal leggjast til eigedom 153/148. Området ligg innanfor Kommunedelplan Rauland og er sett av til LNF-område. Arealet skal leggjast til ei bustadtomt og søknaden er i utgangspunktet i strid med LNF-føremålet, men det er berre dersom bruken av arealet vert endra. Arealet er allereie i teke i bruk av 153/148. Ei frådeling vil difor stadfeste faktisk bruk av arealet. Ny grense er skissert med raud strek i skissa og nytt totalareal på bustadtomta vil bli 2,9 daa. Arealet ligg naturleg til tomte og søknaden er ikkje i konflikt med andre arealbruksinteresser.



Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Turid Opsund

rådgjevar plan

Plan, økonomi og berekraft

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
ARNE MAGNUSSEN

Kopi til:
HENRY LOFTSGARDEN

Vedlegg: Generell informasjon om deling

Oppmålingsforretning

Der det er gjeve løyve til frådeling/bortfesting etter Plan- og bygningslova, er saka klar for handsaming etter Matrikkellova.

Når rekvisisjon av oppmålingsforretning er motteke, skal kommunen gjennomføre oppmålingsforretninga innan fristar gjeve i § 18 i Matrikkelføresegna om ikkje anna er avtala med rekvirenten.

I medhald av kommunestyrevedtak 10.12.2009 om vintertid, skal tida 1. oktober til 30. april ikkje takast med ved utrekning av fristar.

Det vert sendt ut varsel om oppmålingsforretning til rekvirent, registrert eigar, registrert festar og naboar seinast to veker før oppmålingsforretninga. Oppmålingsforretninga må gjennomførast på berrmark. Grunneigar, nabo og eventuelt andre rettshavarar må møte på forretninga sjølve eller vere representert med fullmektig. Partane vert samde om grenser som vert varig merkte med godkjente grensemerke.

Etter at oppmålingsforretninga er halden, vert den nye eigedomen ført inn i matrikkel og grunnbok. Etter at tinglysinga er stadfest, vil kommunen utferde matrikkelbrev som vert send til rekvirenten.

Heimelsovergang skjer ved å tinglyse eit skøyte, eventuelt festeavtale for festetomter. Me gjer merksam på at Vinje kommune ikkje utferdar skøyte/festeavtale i samband med overføring av heimel for ein eigedom. Dette er ei sak mellom seljar og kjøpar som sjølve må syte for å skrive skøyte/festeavtale og få dette tinglyst. Eigenfråsegn om konsesjonsfritak med stadfesting frå kommunen må fylgje skøyte til tinglysing. Statens kartverk, Tinglysinga vil krevje tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift i høve slik heimelsoverføring.

Oppmålingsgebyr etter gjeldande gebyrregulativ fastsett av Vinje kommunestyre i sak 09/62, vert ettersendt.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Oppmålingsavdelinga eller Tenestetorget i Vinje kommune på tlf. 35 06 23 00.

